

Notat frå medverknadsmøtet med Ungdomsrådet, Valle kommune

15. september 2025

Deltakarar: 3 jenter og 2 gutar (8. klasse til 2. klasse vidaregåande)

Kva er bra med Valle i dag?

- Fantastisk natur
 - Alpinsenter og slalåmbakke er viktig.
 - God kultur med fokus på omtanke og vennleik; folk er hyggelege og tek vare på kvarandre - alle går med alle.
 - God politikk i Valle - Ungdommene blir tatt godt imot av politikarar, blir høyrte og tatt med.
 - Stolt av snøscooterkulturen.
 - Veldig glad i området og ungdommane er stolte av staden dei kjem ifrå.
 - Kva skal til for at dei vil flytte tilbake til Valle: Ønskjer at eigne barn /familie skal vokse opp her. Ønskjer å utvikle plassen. Ønskjer fleire møteplasser. Saknar «shopping»- moglegheit.
 - Klubben (ungdomshuset) er fine møteplassar, sjølv om ungdomshuset dessverre ikkje er ope akkurat no.
 - Må tenkje på miljøet og klima, men dei er ikkje imot vidare utbygging.
 - Valle si identitet: den beste kommunen i Setesdal!
 - Åra mellom barnehage og ungdomsskule er dei beste, med mange aktivitetar å delta på. Etter dette opplever mange at tilbodet for ungdom manglar.
-

Kva blir viktig i framtida?

- Det er behov for fleire aktivitetar og tilbod både i Valle og rundt alpinanlegget. Ungdomsrådet ønskjer auka aktivitetstilbod, fleire shoppingmoglegheiter, betre skulebussar – særleg til Brokke – og eit meir effektivt kollektivtilbod generelt.
- Det etterspørjast eit mindre senter med til dømes Vinmonopolet, apotek og klesbutikkar. Dette senteret kan liggje i Rysstad, men kan òg fungere godt i Brokke.
- Vidare ønskjer ein eit større treningssenter og eit «mini-Aquarama» som kan drivast med grønn energi frå bøndane.
- Den nye stavkyrkja i Rysstad vil kunne trekkje fleire turistar, noko som vil vere positivt for heile området.
- I dag finst det allereie nokre aktivitetar ved alpinanlegget, som sykling og frisbeegolf. Ungdomsrådet trekkjer særleg fram ei driving range som eit populært aktivitetstilbod som kan fungere godt.

- Valle treng fleire innbyggjarar. Dette kan gjerast gjennom ulike støtteordningar, som økonomisk støtte ved bygging av nye bustader, eller utdanningsstipend til dei som vil arbeide som lærarar eller i barnehage. Det er òg ønskjeleg å trekkje til seg gründerar.
- Valle må bli flinkare til å marknadsføre seg sjølv og synleggjere alle dei positive sidene og moglegheitene som finst her.
- Naturen og klimaet er viktige å ta vare på, men ungdomsrådet har ingen innvendingar mot fleire hytter.

Referent: Nina Malo og Else Margit Tveit, 15.09.2025